

Møtereferat 2/17 – P3

Delprosjekt: P3 – Interkommunalt samarbeid
Møtestad: Kirkens serviceontor, Spjelkavik
Dato: 16.10.2017
Tid: 1230 - 1520

Til stades:

Delprosjektmedlemer

Oddvar Myklebust, leiar	Sandøy kommune
Frode Andresen, nestleiar	Ørskog kommune
Haldor Lillebø	Haram kommune
Kjell Haukeberg	Skodje kommune
Svein-Rune Johannessen	Ålesund kommune

Tillitsvalde:

Frode Nordstrand, HTV, og Stig Meisal, HVO

Andre:

Frå administrasjonen: Ronny Frekhaug (Ålesund), Per Langnes (Haram), Hilde Sørdal (Ørskog), Olav Aarø (kommuneadvokat i Ålesund) og Tore Hals (administrativ tilretteleggar for delprosjektet)

Sakliste:

Sak nr	Sakstittel
004/17	Interkommunalt samarbeid som administrativ vertskommune
005/17	Selskapsavtale for IKS
006/17	Interkommunalt samarbeid som IKS
007/17	Eventuelt

Interkommunalt samarbeid som administrativ vertskommune

Sak nr	Utval	Møtedato
004/17	Delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid	16.10.2017

Vedtak:

Delprosjektgruppa P3 held i neste møte fram med vurderinga av deltaking i administrativt vertskommunesamarbeid med utgangspunkt i følgjande:

1. Nye Ålesund kommune har for eigen del ikkje behov for å delta i administrativt vertskommunesamarbeid for å kunne gjennomføre egne oppgåver.
2. Nye Ålesund ser at det kan vere fornuftig å føre vidare følgjande samarbeid:
 - a. Barnevern
 - b. IT-drift
 - c. Kemner
 - d. Krisesenter
 - e. Landbrukskontor
 - f. Overgrepsmottak
 - g. PPT

Arbeidsgruppa vil i neste møte drøfte nærare kva type samarbeid det kan være snakk om; vertskommune, sal av teneste, samla pakke (f eks arbeidsgjevarkontroll og skatteinnkrevjing), mv.

3. Arbeidsgruppa ønskjer i neste måte å få presentert faglege vurderingar av mogleg samarbeid om
 - a. Brannvern
 - b. Legevakt
 - c. NAV
4. Dei andre samarbeida som kommunane deltek i per dato, unntatt det som er nemnt i pkt. 2 og 3 ovanfor, vil nye Ålesund avslutte.

5. Nye Ålesund er open for å drøfte samarbeid om nye oppgåver eller å føre vidare eksisterande samarbeid dersom det vil vere ein styrkje for innbyggerane og for regionen.
6. Dersom staten pålegg ein kommune å inngå samarbeid med annan kommune for å kunne løyse konkrete oppgåver, er nye Ålesund positiv til ein avtale om å vere vertskommune.

Framlegg til vedtak:

Delprosjektgruppa P3 held i neste møte fram med vurderinga av deltaking i administrativt vertskommunesamarbeid med utgangspunkt i følgjande:

7. Nye Ålesund kommune har for eigen del ikkje behov for å delta i administrativt vertskommunesamarbeid for å kunne gjennomføre eigne oppgåver.
8. Nye Ålesund ser at det kan vere fornuftig å føre vidare følgjande samarbeid:
 - a. ...
 - b. ...
 - ...
9. Dei andre samarbeida som kommunane deltek i per dato, unntatt det som er nemnt i pkt. 2 ovanfor, vil nye Ålesund avslutte.
10. Nye Ålesund er open for å drøfte samarbeid om nye oppgåver eller å føre vidare eksisterande samarbeid dersom det vil vere ein styrkje for innbyggerane og for regionen.
11. Dersom staten pålegg ein kommune å inngå samarbeid med annan kommune for å kunne løyse konkrete oppgåver, er nye Ålesund positiv til ein avtale om å vere vertskommune.

Selskapsavtale for IKS

Sak nr	Utval	Møtedato
005/17	Delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid	16.10.2017

Vedtak:

Delprosjektgruppa P3 tek saka til orientering.

Framlegg til vedtak:

Delprosjektgruppa P3 tek saka til orientering.

Interkommunalt samarbeid som IKS

Sak nr	Utval	Møtedato
006/17	Delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid	16.10.2017

Vedtak:

Delprosjektgruppa P3 held i neste møte fram med vurderinga av deltaking i interkommunale selskap med utgangspunkt i følgjande:

1. Nye Ålesund ser det som tenleg å delta vidare i desse selskapa, utan vesentleg endringar i selskapsavtalane ut over nye juridiske einingar:
 - a. Interkommunalt arkiv (IKS)
 - b. Sunnmøre Regionråd (SR)
2. Nye Ålesund er open for å delta vidare i desse selskapa, under føresetnad av at det blir utforma ny selskapsavtale der det mellom anna blir samsvar mellom representasjon i representantskapet og eigar- og ansvarsdel, og at det blir tatt med punkt om eigarstyring og valkomité:
 - a. Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 (KOMREV)
 - b. Kontrollutvalsekretariat
 - c. ÅRIM
3. Arbeidsgruppa vil vurdere Åknes/Tafjord berdeskap i samband med gjennomgangen av samarbeida omkring brannvern, jf. sak 04/17.
4. IKS-et SAHARA blir oppløyst som følgje av at noverande to deltakarar blir til éin deltakar som følgje av etablering av nye Ålesund kommune.

Framlegg til vedtak:


Delprosjektgruppa P3 held i neste møte fram med vurderinga av deltaking i interkommunale selskap med utgangspunkt i følgjande:

5. Nye Ålesund ser det som tenleg å delta vidare i desse selskapa, utan vesentleg endringar i selskapsavtalane ut over nye juridiske einingar:
 - a. ...
 - b. ...
 - ...
6. Nye Ålesund er open for å delta vidare i desse selskapa, under føresetnad av at det blir utforma ny selskapsavtale der det mellom anna blir samsvar mellom representasjon i representantskapet og eigar- og ansvarsdel, og at det blir tatt med punkt om eigarstyring og valkomité:
 - a. ...
 - b. ...
 - ...
7. Nye Ålesund ser ikkje behov for å delta vidare i følgjande selskap, alternativt at selskapa blir oppløyste:
 - a. ...
 - b. ...
 - ...

Eventuelt

Sak nr	Utval	Møtedato
007/17	Delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid	16.10.2017

Frode Nordstrand stilte spørsmål om konsekvensane oppseiing av samarbeidsavtalar vil få for tilsette og for nye Ålesund kommune.



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Kommuneadvokaten gav ei kort orientering på generelt grunnlag.

Vedtak:

Arbeidsgruppa vil ha blikk på konsekvensar når kvart enkelt samarbeid blir nærare vurdert.

Tore Hals
referent